



Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Einar Ulla

Status- Oppfølging av forvaltningsrevisjon- Utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule

Fylkesrådmannen viser til sak 45/18 der fylkestinget ber om rapportering av status på oppfølging av forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule.

Her følgjer status for dei einskilte punkta:

1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.

Status:

Fylkesdirektøren har våren 2019 oppdatert oppslag om rådgjevingstenesta i kvalitet- og rutinehandboka for opplæringssektoren.

I oppslaget kjem det fram skulen sitt ansvar for å ha lett tilgjengeleg informasjon om oppgåvene til tenesta. Elevane finn informasjonen mellom anna på nettsider, oppslagstavler og i sosiale medium.

Fylkesdirektøren har i oppslaget presisert for skulane at yrkes- og karriererettleiing er eit ansvar som alle tilsette i vidaregåande opplæring har. Særleg er kontaktlærarar og faglærar viktige rådgjevarar både om yrkesval, arbeidsliv og utdanning.

2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtalar på initiativ frå rådgjevar.

Status:

I oppslag om rådgjevingstenesta i rådgjevingstenesta i kvalitet- og rutinehandboka for opplæringssektoren er det presisert at tenesta i starten av kvart skuleår skal informere alle elevane om tenesta, kva den kan hjelpe elevane med og tilby individuelle samtalar.

3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdannings og yrkesretteleinga kan følgjast opp.

Under dette:

a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping(YFF).

Status: Fylkesdirektøren har kommunisert, mellom anna i styringsdialogen med rektorane at målsettinga er at alle elevane skal vere utplassert i YFF-faget. Skulane har nettverk med bedrifter som aukar høve til å få utplassering til elevane. Fylkesdirektøren viser til skulebesøka i skriv og melding til hovudutvalet for opplæring 27.03.19 i sak [02/2019](#).

b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om innhaldet i ulike Vg2 tilbod.

Status: kontaktlærer og faglærarar gjennomfører dette i samarbeid med rådgjevingstenesta. Dette er presisert i oppslag om rådgjevingstenesta i kvalitet- og rutinehandboka.

c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3.

Status: Fylkesdirektøren har våren 2019 oppdatert oppslag om rådgjevingstenesta i kvalitet- og rutinehandboka for opplæringssektoren der dette kravet er spesifisert.

d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag.

Status: Fylkesdirektøren har våren 2019 oppdatert oppslag om rådgjevingstenesta i kvalitet- og rutinehandboka for opplæringssektoren.

4. sikre at næringslivet, kommunane, vidaregåande skular og rådgjevarane samarbeider og informerer om yrke og utdanning etter ein heilskapleg plan frå 8.-13. trinnet.

Status:

Fylkesdirektøren viser til referat frå styringsdialog med dei vidaregåande skulane lagt fram som skriv og melding til hovudutvalet for opplæring 27.03.19 i sak [02/2019](#).

Fylkesdirektøren gjennomfører i samarbeid med utvalde bedrifter ei årleg næringsreise der rådgjevarar i grunnskulen, den vidaregåande skulen og hjå NAV er invitert. Næringsreisa er eit tiltak for å gje rådgjevarane betre kjennskap til utdannings- og arbeidsmoglegheiter i Sogn- og Fjordane

Karriere Sogn og Fjordane har som mellom anna har følgjande tre målsetjingar:

- *Gjere det enklare for ungdom og vaksne å finne fram til tilboda om utdannings- og yrkesmoglegheiter både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt*
- *Styrke studie- og yrkesrettleiinga både i grunn- og vidaregåande opplæring, og auke gjennomføring i vidaregåande opplæring*
- *Styrke kompetansen for dei som driv med karriererettleiing i grunnskule, vidaregåande opplæring og NAV*

Noko av arbeidet med målsetjingane kjem til syne i [årshjulet](#) for Karriere Sogn og Fjordane.

5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.

Status: Fylkesdirektøren har våren 2019 oppdatert oppslag om rådgjevingstenesta i kvalitet- og rutinehandboka for opplæringssektoren. I oppslaget er det presisert at kvar einskild rådgjevar skal ha ein kompetanseutviklingsplan utarbeidd saman med leiar, med mål om å vere i tråd med tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet.

Det er tilbod om studium i karriererettleiing. Dette studietilbodet er finansiert gjennom stipendordninga i «Kompetanse for kvalitet» og gjennom fylkeskommunale midlar. Vi har 1 som er i utdanningsløp i denne ordninga 2019/2020.

6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.

Status:

Fylkesdirektøren evaluerer rådgjevarsamlinga årleg og justerer samlinga etter innspel frå rådgjevarane og samarbeidsforum for rådgjevarane. Ved påmelding til samlinga har deltakarane høve til å sende inn spørsmål eller tema dei treng auka kompetanse i.

Den årlege næringsreisa blir evaluert med evalueringsskjema til deltakarane i etterkant av samlinga. Deltakarane evaluerer opplegget og kjem med forslag til tema for neste næringsreise. Slik blir næringsreisa lagt opp i tråd med rådgjevarane sine behov for kompetanseheving.